

FRAMLEGG TIL EI FORENKLA GUDSTENESTE – JULA 2021

For at vi skal vere budde på ulike situasjonar med omsyn til bemanning og gjennomføring av gudstenester, har vi laga eit enkelt framlegg til mogelege løysingar.

For at vi ikkje skal avlyse ei gudsteneste når prest / organist / eller annan tilsett vert sjuk, så skisserer vi her nokre mogelege løysingar. Vi veit at dette sjølvstakt er særst avhengig av person og kva ein finn trygt å ta på seg, - men vi trur at vi lett kan finne løysingar som tek omsyn til den einskilde og samstundes setter oss i stand til å gjennomføre ei forenkla gudsteneste i staden for å måtte avlyse.

I malen som ligg ved er det laga ei generell tekst som ikkje tek utgangspunkt i ein bestemt dag i kyrkjeåret. Om det er ei høgtidsdag som julafta eller fyrste juledag, så vil vi tilrå ei anna tekst på velkomstorda som tek omsyn til dagen, og kanskje også sette inn fleire salmar.

Malen er laga slik at ein kan trykke det opp som eit bretta A5 programhefte. Dei to fyrste sidene er dei som ligg ved, og så kan ein legge inn salmane på dei to siste sidane. Eventuelt kan ein sette in salmenummer og berre trykke opp eit tosidig A5 ark med programmet.

Når prest ikkje kjem

Tenk ut kven som kan leie gudstenesta. Gjerne fleire saman.

Har de ein trygg klokkar som saman med ein annan kan løyse dette? Ein i soknerådet?

All tekst er skrive, så ein treng ikkje formulere eigne ord.

Heile gudstenesta vert då leia frå lese-pulten eller koropninga.

Om de skal ha nokon til å lese ei kort preike frå ein bok, så kan de jo spørje ein annan om å gjere dette. Hent gjerne tips frå prest eller andre om tekst til preika. (Tips: Tekstbetraktning i Vårt Land på fredagen / Bøkene til prest Sjur Isaksen med betraktningar til alle tekstane i kyrkjeåret).

Kan de involvere nokon i forbøna?

Når organist ikkje kjem

Har de nokon andre som kan spele piano / orgel? Har de nokon som speler eit anna instrument? Har de nokre trygge forsongarar?

Ikkje legg lista for høgt, men tenk på kva som er greitt å gjennomføre.

Vel salmar som er godt kjende så de er sikre på at folk syng med også utan tonefylgje.

Ikkje bruk liturgiske ledd som Kyrie og Gloria dersom det blir vanskeleg.

Når klokkar / kyrkjetenar ikkje kjem

Her må de ta ei lokal vurdering på om det er nokon som kjenner lydanlegg, varmestyring, planar for evakuering og som evt. kan måke/strø. Her kjem det inn litt andre reglar for HMT og branntryggleik. Finst det ein vikar eller pensjonert kyrkjetenar som kan steppe inn?

For alle høve: Korleis kan vi løyse denne situasjonen utan å måtte avlyse alt? Om vi har ein plan B og kanskje til og med ein plan C, så vert det i alle fall noko. Vi møtast. Vi syng saman. Vi ber saman. Vi vedkjennast trua. Vi høyrer lest frå Guds ord. Vi tek imot velsigninga.

(Ingvald Andersen Frøyen, Naustdal 14. desember 2021)

FORENKLA GUDSTENESTE

Klokkene ringer

Velkomstord

Leiar: Velkomen til ei forenkla gudsteneste.

Guds ord seier; at der to eller tre er samla i Jesu namn, der er han sjølv midt mellom oss.

Difor er vi samla her i tru og i tilbeding, til Guds ære og vår eiga oppbygging.

Lat oss vere stille for Gud!

Salme

Samlingsbøn

Leiar: Lat oss be!

Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møte din kjærleik og di sanning.

Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss.

Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

Gud vi bed

Alle: Amen

(Kyrie og Gloria)

→ Kan leiast av organist eller ein annan.

Dette leddet kan og falle bort om ein finn det krevjande.

Lesing frå evangeliet

Evangelietekst for dagen vert lesen.

Salme

Preike

→ Om ein ynskjer det kan ein lese opp ei kort tekst frå ein kommentar til kyrkjeåret sine tekstar, eller frå til dømes avisa *Vårt Land*.

→ Ein kan og la dette leddet falle bort.

→ Ein kan ha eit kort musikkstykke med tid til ettertanke



Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre som vart avla ved Den Heilage Ande fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv.

Forbøn

Bruk forbøn 2 i liturgiboka. Om de maktar det, så må de gjerne legge inn nokre aktuelle emne for dykkar lokale kyrkjelyd og dykkar by/bygd. Kan leiast av fleire.

Forbøna vert avslutta med Fadervår.

Fadervår

Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Kollekt på VIPPS

Takkebøn for kollekt

Leiar: Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen

Salme

Velsigninga

Leiar: Lat oss be om Herrens velsigning!

Alle: Velsign oss Gud Fader!

Velsign oss Guds Son!

Velsign oss Gud, du Heilage Ande! Amen!

Postludium og eller salme